



Pinsemenigheten Zoar Nappane  
Titlandsvegen 359  
5912 SEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1607 - 16/20159

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

18.07.2016

## Mogleg ulovelg bruk - gbnr 129/6 og 33 Titland Søndre

Kommunen er kjent med at det på dykkar eigedomar gbnr 129/6 og gbnr 129/33 vert drive institusjon; behandlingstilbod for rusavhengige. Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot på plan- og bygningslova eller forureiningslova.

### Vi forstår faktum slik:

**Hovudbygningen på gbnr 129/6** vart oppført etter brann i 1958 som menighetshus. I brev av 30.04.1966 frå Hjalmar Myksvoll går det fram at «nokre rom vert nytta om sumaren til ferierande som steller seg sjølv». Vi har fått stadfesta av nabo at drifta den gongen var møteverksemd og sommarleiropphald. Vidare går det fram av brevet at «Menigheten heldt fleire Bibelvikar for året som samla mange deltakarar. Desse må då i stor utstrekning bu hjå naboer. Og fleire får ikkje koma p.g.a. plassmangel. Dette er grunnen til at det her skal byggjast sovebrakkka.» «Dersom det vert aktuelt med kampingplass som her har vore tale om, vert den nytta som ein kampinghytta».

**Sovebrakkka** vart godkjent til omsøkte bruk utan vassklosett eller avløp seinare samme år.

I 1974 vart det søkt om **tilbygg til menighetshuset**. Det vart søkt om etablering av matsal i tilknytning til kjøkken i kjellaren. Etter det vi kan sjå er det fleire avvik mellom innsendte teikningar av bygningen og det som er bygd på staden. Det er etter 1975 ikkje godkjent tilbygg/fasadeendringar.

I 2003 mottok kommunen søknad om utsleppsløyve for innlegging av vassklosett frå eksisterande **fritidsbustad på gbnr 129/33**. Det er i søknaden opplyst at:

*«Utsleppet skal gå via eksisterande 12m<sup>3</sup> septiktank frå forsamlingslokale og aneks, til eksisterande sandfilteranlegg med 50m lengde, plassert på grn 129, brn. 9. Det er innlagt*

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



*vatten i huset frå før, men gråvatnet går rett ut grunen og vil no verta knytt saman med det nye utsleppet.»*

Teknisk drift har i skriv av 29.09.2014 journalført 21.01.2016 opplyst at **slamavskiljaren på eigedomen gbnr 129/6** er på 6 m<sup>3</sup>, og at den har vore registrert med tømmeffrekvens 4. kvart år, som er vanleg for lags- og forsamlingshus.

Foreløpig vurdering:

Etter synfaring på staden saman med brannvesenet og NGIB den 19.01.2016 og opplysningar frå Steinar Valdersnes, kan vi konstatere at menighetshuset, sovebrakkka og fritidsbustaden har vore teke i bruk som mottak- og omsorgsinstitusjon (rus), utan løyve. Dersom dette er tilfelle må det sendast inn ein søknad om bruksendring av desse bygningane etter reglane i plan- og bygningslova. Dette må sendast inn av eit føretak som kan inneha ansvarsrett.

Det kan også sjå ut som at eksisterande utsleppsanlegg er underdimensjonert i forhold til dagens bruk. Vi kan heller ikkje sjå at det ligg føre godkjenning for vassklosett i sovebrakkka. Dersom dette er tilfelle vil ein måtte søke om nytt usleppsløyve og etablering av nytt avløpsanlegg.

Kommunen ber i fyste omgang om utgreiing om overnemde tilhøve. Dette gjeld både faktum, gitte løyver og bruk av eigedomen/bygg. Utgreiinga kan sendast til [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no). Skulle du til dømes meine at eksisterande utsleppsanlegg ikkje er undimensjonert eller at anlegget fungerer forskriftsmessig, ber vi at dette vert dokumentert av ansvarleg røyrleggjar.

**Frist for utgreiing er 15.08.2016. Saka vert følgd opp etter fristen.**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/1607

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

|                       |                   |      |      |
|-----------------------|-------------------|------|------|
| Charles S. Lilleskare | Titlandsvegen 389 | 5912 | SEIM |
| Rusomsorg Vest        | Titlandsvegen 359 | 5912 | SEIM |

**Mottakarar:**

|                              |                   |      |      |
|------------------------------|-------------------|------|------|
| Pinsemenigheten Zoar Nappane | Titlandsvegen 359 | 5912 | SEIM |
|------------------------------|-------------------|------|------|